

Det er ein mann eg aldri kan gløyma. Nærmaste naboen min, Johan Litleskare, vart fødd på Litleskare i Alversund i 1874 og døde i 1941. Johan blei berre 67 år gamal.

Eg blei som barn tidleg kjend med han, han hadde så godt lag med oss onga. Han var slik ein triveleg kar, Johan. Han var gartnerar og fekk alt til å veksa. I eit gartneri er det minst tusen ting som skal passast dagleg. Johan var flink til å organisera, og ingenting blei gløymt.

Eg hugsar godt kor han fekk meg interessert i arbeidet sitt. Me kunde liggja på kvar vår side av ei grønsakseng. Luking og tynning av grønsaker måtte gjerast kvar dag.

Han var slik ein glimrande forteljar, Johan, og eg hugsar endå kor god lått han hadde. Han fekk dagane til å gå så fort med måten han var på. Denne mannen hadde fått mykje i gåve av Forsynet - han var så fin i sitt indre liv. Eg blei svært glad i denne mannen, derfor skriv eg dette om han. No er det snart 80 år sidan eg blei kjent med Johan som liten gut. Minna om denne mannen tek aldri slutt.

Det er synd at ikkje barneborna fekk oppleve denne fine mannen. Eg var berre 16 år då Johan døydde, men eg kjenner det som eg hadde kjent han eit heilt liv. Johan hadde mykje sorg i si tid, men han stod alltid oppreist etter dette. Han var nok ein sterk mann.

Det var så triveleg å væra innomhus med Johan. Når han hadde ei fristund frå arbeidet ute, sat han ofte og skreiv ved eit langbord i stova. Johan var ein kulturmann av stort format. Han skreiv mykje om kyrkja og om historia langt tilbake. Dette fekk han til sjølv om eg og han Ola brakte på golvet. Han berre såg på oss, så blei det stilt.

Det er skrive mykje om denne mannen. Han stifta Alversund Musikklag i 1901 og han var svært flink med ungdomsarbeid. Han var ein glimrande talar, og blei svært mykje brukt. Det er skrive lite om Johan på heimebana. For at ungdom i dag skal veta litt om Johan skriv eg dette no.

Før eg sluttar for denne gongen må eg fortelja ein ting om kor omtensksam denne mannen var. Når dagens arbeid var slutt, gjerne ut på kvelden, la han armane på ryggen og gjekk sørover garden. Eg lurte på kva han gjorde der kveld etter kveld. Ein kveld følgde eg etter han. Då stod han der og såg opp mot fjellet. Eg hørde at han snakka med nokon, men eg såg ingen. Seinare forstod eg at Johan stod der og tinga seg billett til kommande tider.